



NOREGS HØGSTERETT

Den 5. januar 2023 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Falch, Høgetveit Berg og Thyness i

HR-2023-34-U, (sak nr. 22-134375SIV-HRET), sivil sak, anke over dom:

Sia North Star Ltd.

(advokat Mads Andenæs
advokat Hallvard Østgård)
(Rettsleg medhjelpar:
advokat Brynjar Østgård)

mot

Staten v/Nærings- og fiskeridepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Fredrik Sejersted)
(Rettsleg medhjelpar:
advokat Marius Kjelstrup Emberland)

sagd slik

O R S K U R D :

- (1) Høgsteretts ankeutval tillét 14. oktober 2022 fremja til handsaming i Høgsterett anken frå Sia North Star Ltd. over Borgarting lagmannsretts dom 13. juni 2022 i sak nr. 21-140840ASD-BORG/01 mot staten ved Nærings- og fiskeridepartementet.
- (2) Ankemotparten – *staten ved Nærings- og fiskeridepartementet* – har i prosesskriv 15. desember 2022 bede utvalet om samtykke til å leggje fram kart og hjelpedokument (vedlegg 1–6), rapport og brev frå Havforskningsinstituttet datert høvesvis november og desember 2022 (vedlegg 7 og 8), ein avisartikkel (vedlegg 10), prosesskriv frå den parallelle valdgiftssaka for ICSID (vedlegg 11–14) og pressemelding frå Nærings- og fiskeridepartementet 28. april 2022 med vedlegg (vedlegg 16 og 17).
- (3) Den ankande parten – *Sia North Star Ltd.* – har innvendingar mot framlegging av vedlegg 5–8, 10, 11–14, 16 og 17.
- (4) *Høgsteretts ankeutval* viser til at etter tvistelova § 30-7 kan «nye bevis», det vil seie prov som ikkje var påropt før anken vart tilvist, ikkje påropast utan at «særlege grunner» talar for det. Praksis er liberal, og det sentrale er om dei nye prova vil føre til ei endring av karakteren på saka eller vidløftiggjera henne, jf. til dømes HR-2021-377-U avsnitt 3.
- (5) *Vedlegg 1–6 og 10* vart etter det opplyste framlagt for lagmannsretten, og det trengst då ikkje samtykke etter tvistelova § 30-7. Når det gjeld vedlegg 5 og 6, føyer utvalet til at samtykke ikkje er nødvendig for hjelpedokument, jf. HR-2010-1658-U avsnitt 6.

- (6) *Vedlegg 7 og 8* er daterte etter ankeutvalet tillét anken fremja, og samtykke frå utvalet er då ikkje nødvendig, jf. mellom anna HR-2015-1043-U.
- (7) Utvalet kan ikkje sjå at dei andre prova – *vedlegg 11–14, 16 og 17* – vil føre til ei endring av karakteren på saka eller vidløftiggjera henne. I den mon det er naudsynt med samtykke etter tvistelova § 30-7, blir det gjeve slikt samtykke. Når det gjeld vedlegg 11–14, føyer utvalet til at den ankande parten nødvendigvis allereie må vera kjent med kjernen i argumentasjonen i valdgiftssaka for ICSID.
- (8) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G

Vedlegg 11–14, 16 og 17 til statens prosesskriv 15. desember 2022 blir tillatne lagde fram.

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)

Ingvald Falch
(sign.)

Erik Thyness
(sign.)

Dokumentet er i samsvar med originalen:
Oskar Vegheim